Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Konklusjon/løysing
438	Fiskeridirektoratet	09.04.2024	Plankart er ikkje konsistent med føresegnene når det gjeld AKV16 (akvakulturområde vest for Store Brennøy, utviding av AKV15). Utvidinga kjem i konflikt med fiskeriinteresser av nasjonal/vesentleg regional betyding. **Motsegn** om AKV16 ikkje tas ut av planen.	Areal - AK	Politisk vidareført
461	NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	19.04.2024	Naturfare skal avklarast på siste plannivå. For å være i samsvar med dette må områder som opnar for utbygging i aktsemdområde/ omsynssoner for naturfare ha krav til reguleringsplan. I Bømlo gjeld dette område for ras- og skredfare (H310), for flaumfare (H320) og areal under marin grense. Det er i for liten grad sett plankrav på bakgrunn av at uavklart naturfare. Det må knytast eit generelt plankrav til omsynssonene H310 og H320 og areal under marin grense når desse overlappar nye/framtidige byggeområde og LNF område med spreidd utbygging. Det er **motsegn** til planen grunna uavklart naturfare. For at grunnlaget for motsegna skal falle vekk, må det knytast krav om reguleringsplan for dei uavklarte områda. Eventuelt kan reell fare avklarast. For å unngå unødvendig mange planprosessar er det ei akseptabel løysing å gi unnatak frå det generelle plankravet på konkrete vilkår når skadepotensialet er lite, eller faren på ein enkel og eintydig måte kan avskrivast. Til dømes kan det gjevast unntak frå plankrav i H310 og H320 for tiltak i tryggleikssklassane S1 og F1, jf. TEK17 §§ 7-2 og 7-3, samt eit utval av bokstavane a-n i pbl § 20-1. Under marin grense kan det til dømes gjevast unntak for plankravet dersom fare for områdeskred kan avskrivast etter steg 1-3 i tabell 3.1 (NVE rettleiar 1/2019) eller for tiltakskategori K0, K1, eller K2 i tabell 3.2 (NVE rettleiar 1/2019).	Føresegn	Det er lagt til føresegn til omsynssonene at dersom det er behov for fagkyndig avklaring for å påvisa tilstrekkeleg tryggleik skal det gjerast i plan
476	FORSVARSBYGG	23.04.2024	Ber om endra føresegn til Faresone for militær verksemd (H380_1) til følgjande ordlyd: "Det kan ikkje tillatast faste anlegg i sjø som akvakulturanlegg og liknande". **Motsegn** om føresegna ikkje blir endra.	Føresegn	Føresegna er endra
579	Kystverket	29.04.2024	Akvakulturlokalitet Aga Ø: Området er trafikkert og ligg nær til Bømelholmflu lykt. Krava til lyssignal på akvakulturanlegg fører til at det er fleire lyskjelder som kan forstyrre navigasjonsrettleiinga. Forflåte og område for arbeidsoperasjonar kan ikkje planleggjast mot farleia. Lokaliteten kan utvidast noko i sørleg retning, men ikkje mot aust og nordaust. **Motsegn** mot føreslått utviding AKV27 og AKV34.	Areal - AK	Området er justert
579	Kystverket	29.04.2024	Akvakulturlokalitet Klungsholmen: Området er trafikkert og det må være tilstrekkeleg areal til skipstrafikken i farleia. Utviding mot aust er uheldig for passerande fartøy. Området kan strekast mot nordvest og reduserast i søraust. **Motsegn** mot føreslått utviding AKV94.	Areal - AK	Området er justert
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Arealinnspel 4.6.5, Meling 5b: Areal endra frå LNF til LNF-spredt ved freda kulturminne. Det er også potensiale for funn i området. Arealet må avgrensast mot sørvest til eksisterande bygningar. **Motsegn** mot føreslått avgrensing.	Areal	Arealet er redusert
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Aralinnspel 4.10.8, Finnås 9e: Nytt fritids- og turistføremål nær klebersteinsbrotet. Det er ikkje rom for meir utbygging som visuelt stenger for den kulturhistoriske tilknytinga mellom klebersteinbrotet og stranda som utskipingsområde for kleberstein. **Motsegn** til nytt føremål FTU21. Rår og til at LNF-spreidd området mellom klebersteinbrotet og stranda blir endra til LNF og ei omsynssone (H570) kring kulturminnelokaliteten og den noko lunde opne korridoren ned til stranda.	Areal	Fritid- og turistføremålet tas ut. LNF-spreidd området er redusert i planvasken. Det er ikkje gjort endringar av omsynssonene i området.

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Konklusjon/løysing
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Arealinnspel 4.10.14,Finnås 16a: Det er motsegn til delar av arealet endra frå LNF til kombinert byggje- og anleggsføremål, og manglande omsynssone (H570) rundt kulturminnet nordaust av innspel Finnås 16a. **Motsegn** til føremål for utbygging og manglande omsynssone rundt kulturminne. Rår til at også større delar av kulturlandskapet utanfor omsynssona blir bevart som LNF-område, særleg nord mot kanalen.	Areal	Dette er i stor grad ivaretatt i gjeldande reguleringsplan. Digitaliseringa i området er endra gjennom planvasken, som og gjer det tydelegare i KPA-en kva som er føremåla i området.
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Arealinnspel 4.11.2, Langevåg 2a: Det er nytt areal avsett til næring som utviding av eksisterande anlegg. For å unngå at dei gjenværande kulturminnelokalitetane blir skjemma er det naudsynt med ein lanskapsbuffer på 15-20 meter i nord mot bukta i Eidesvatnet. **Motsegn** mot føreslått avgrensing av utviding av Eidesvik Settefisk sitt område.	Areal	Området er regusert i nord, og utvida noko i aust.
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Arealinnspel 4.11.5, Langevåg 5a: Det er nytt areal avsett til næring som utviding av eksisterande område for fiskerihamn. Utvidinga vil øydelegge landskap som i dag er bevart i omsynssone (H570) knytta til vern av den topografiske samanhengen til 26 automatisk freda kulturminner (steinalderbuplassar). Det er og stort potensiale for at det er fleire uregistrerte kulturminner i området. Dette utgjer eit samanhengande landskap som på ein unik måte viser korleis steinalderbuplassar har lege plassert i ulike tidsepokar. Det er derfor viktig at den landskapsmessige tilknytinga til dagens strandlinje ikkje blik avstengt eller brote opp. Som eit av få område i verda der kystbuplassar frå steinalderen framleis kan erfarast i eit urørt landskap, har ein også eit internasjonalt ansvar for å bevare dette. Peiker og på at bevaring av gjenværande kulturminne var ein forutsetting, når det blei gitt løyve til fjerning av 11 kulturminner i 2015, for utbygging av gjeldande areal for fiskerihamna. **Motsegn** mot føreslått utviding av fiskerihamna.	Areal	Nytt føremål på land er tatt ut, men vidareført i sjø, jamfør dialog rundt motsegna.
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Ved arealinnspel 4.11.8, Langevåg 8: Det ligg 5 automatisk freda kulturminner frå steinaldaren knytt til gamal reguleringsplan frå 1991 som ikkje er regulert inn som verna område. Arealføremålet (kombinert byggje- og anleggsføremål) er i konflikt med tre av desse kulturminnene. For å bevare kulturminna sin topografiske samanheng til stranda, kan ikkje arealet for kombinert byggje- og anleggsføremål strekke seg lengre nordaust enn til ein tredjedel av parsellen under gbnr 53/3. **Motsegn** til avgrensing av arealføremål.	Areal	Er løyst gjennom planvasken
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Føresegn 3.4.1: Føresegnene sikrer ikkje tilstrekkeleg kulturminneinteressene i LNF-områda. Føremålet opnar for ulike typer tiltak, og fleire av disse kan være untatt søknadsplikt, men er likevel regulert av mellom anna kulturminnelova. Fellesføresegn 2.6.4 kjem inn på noko av dette, men det må presiserast for LNF-områda. Ber om følgjande presisering: " Det skal dokumenterast at nye tiltak ikkje kan skade eller utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne. Tiltak i LNF-område som er egna til å skade automatisk freda kulturminne i strid med §3 i kulturminnelova må avklarast med regional kulturmiljømynde." **Motsegn** om føresegna ikkje blir endra.	Føresegn	Føresegna er endra

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Konklusjon/løysing
822	Vestland Fylkeskommune - Kulturminnefagleg fråsegn	08.05.2024	Føresegn 3.4.2.1: Det er motsegn til bruken av LNF-spreidd slik planen legg opp til. Kulturminneinteressene skal vere avklart i forkant av arealbruk. Dersom tilhøvet til anna lovverk ikkje er avklart er det i utgangspunktet ikkje høve til å nytte LNF-spreidd, og det må alternativt stilles krav til reguleringsplan. Lovverket opnar likevel for avtale om kulturminnefaglig registrering av områda etter avtale under føresetnad om at dette er presisert i føresegnene. Fellesføresegn 2.6.4 kjem inn på noko av dette, men det må presiserast for LNF-speidd. Ber om følgjande presisering: " Det skal dokumenterast at nye tiltak ikkje kan skade eller utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne. I dei einskilde LNF-areala der spreidd utbygging er tillate, skal kommunen gjere avtale med regional kulturminnemynde om kulturminnefagleg avklaring i høve til kulturminnelova §9 av det aktuelle arealet avsett til LNF-spreidd, før oppstart av kommunen si handsaming av tiltak" **Motsegn** om føresegna ikkje blir endra.	Føresegn	Føresegna er er endra, men med noko anna formulering
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	<u>Gjennomgang av gjeldande reguleringsplanar og gjeldande arealbruk i arealdelen - "planvask"</u> Utbyggingsareal som kjem i konflikt med til dømes verdifullt naturmangfald, dyrka mark, strandsoneverdiar, karbonrike areal og bustadareal som ligg usentralt til i høve senterstruktur, og som gjev motstrid med statlege planretningsliner, nasjonal jordvernstrategi og T-2/16, må vurderast teke ut av plankartet. Manglande gjennomgang og tilstrekkeleg omsyn til nasjonale interesse gjev grunnlag for generell **motsegn.**	Planvask	Det er gjennomført planvask.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	<u>Strandsona og byggjegrense til sjø</u> Planforslaget har ikkje i tilstrekkeleg grad revidert plansituasjonen for strandsona. Særleg gjeld dette fritidsbustad og naust med tilhøyrande småbåtanlegg, men og andre utbyggingsføremål som akvakultur og fritid og turisme. Dei påpeiker at sjølv om Bømlo ligg i sone 3 i dei statlege planretningslinjene for differensiert forvalting av strandsona så er det stadvis sterkt utbyggingspress i strandsona. Det er ekstra viktig å sikre tilgjengeleg strandsone for ålmenta og andre strandsoneverdiar i slike områder. Forslag til ny byggjegrense kjem også i enkelte områder i vesentleg konflikt med strandsoneinteresser. Statsforvaltaren finn grunnlag for generell **motsegn** til planen si handtering av strandsonevernet, jf. pbl. § 1-8 med tilhøyrande statlege planretningsliner for differensiert forvalting av strandsona langs sjø.	Areal/ Byggjegrense	Det er gjort ein gjennomgang av byggjegrensa og det er gjennomført planvask. Det er også endringar i føresegnene til mellom anna byggjegrense og plankrav.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	<u>Byggjegrense til sjø</u> Byggjegrensa er langt på veg sett slik at den i tilstrekkeleg grad ivaretek strandsoneinteresser og -verdiar. Er likevel sterkt bekymra over formuleringa i rapport for fastsetting av byggjegrensa, at "bygjegrensa er sett med intensjon om at t.d. naudsynt utfylling, bryggjer og flytebryggjer kan leggjast ut utanfor byggjegrensa når den er sett i sjøkanten.", som og er vidareført i føresegnene. Viser elles til motsegn til føresegn 2.3.2. Har lagt merke til at byggjegrensa enkelte plassar er sett på ein måte som kjem i vesentleg konflikt med strandsoneomsyn, som gjev grunnlag for generell **motsegn**. Dei har angitt nokre døme på slike plassar.	Byggjegrense/ Føresegn	Føresegnene er endra med tanke på unntak frå byggjegrense. Byggjegrensa er gjennomgått og endra.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	<u>Byggjegrense til sjø</u> Påpeiker at byggjegrense og føremål i mest mogleg grad må samsvare for å unngå dobbeltkommunikasjon. Det er gjort vurderingar av strandsonen i samanheng med byggjegrensa, men utbyggingsføremåla er ikkje endra i samsvar med denne vurdering, dette er særs uheldig og gjev grunnlag for **motsegn**.	Planvask	Det er gjennomført planvask, og byggjegrensa er justert
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	<u>Fritidsbustad</u> Viser til samfunnsdelen, samt fagnotat for fritidsbustadar og naust i strandsona, som viser til at fritidsbustadar bør trekkast lengre opp på land og ikkje ligge heilt i sjøkanten. Dette er ikkje fulgt opp ved å gå gjennom areal som er sett av i gjeldande KPA, då alle områda er vidareført. Statsforvaltaren har ikkje merknad til at utbygde og nyleg regulerte områder blir vidareført, men venter at alle ubygde areal sett av til fritidsbustad i den nære strandsona, inklusiv ubygde areal som ligg innimellom eksisterande bygde fritidsbustader (delvis utbygde fritidsbustadområde), vert teken ut av kommuneplanen. Manglande gjennomgang og vurdering, og som har ført til at desse areala er vidareført i forslag til ny kommuneplan, gir grunnlag for generell **motsegn**.	Planvask	Det er gjennomført planvask

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Konklusjon/løysing
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Naust Planforslaget har nokre nye naustområde som utvidingar av eksisterande eller der det er bygd naust frå før. Det er berre teke inn område som er positivt tilrådd i konsekvensutgreiinga. Dei minner om at kommunen, særleg i strandsona, skal gjennomgå på nytt arealdisponeringa i kommuneplanen, også for vedtekne reguleringsplanar. Manglande gjennomgang av utbyggingsføremål i strandsona, også for naust, gjev grunnlag for generell **motsegn**.	Planvask	Det er gjort ein gjennomgang av byggjegrensa og det er gjennomført planvask. Det er også endringar i føresegnene til mellom anna byggjegrense og plankrav.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Naturmangfald Peiker på nokre konkrete område der det er konflikt mellom naturtypar og føremål og der omsynssone i kommuneplanen er venta at vert endra/retta. Viser til at dette er døme og at kommunen må sjå over om dette gjeld andre steder også. Finn grunnlag for generell **motsegn** til manglande gjennomgang av eksisterande utbyggingsareal med vurdering opp mot tilgjengeleg kunnskap om naturmangfald og dertil tilstrekkeleg omsyn til verdifullt naturmangfald av nasjonal interesse.	Planvask	Det er gjennomført planvask.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Akvakultur/sjøområda Har ikkje vesentlege merknadar til justering av eksisterande arealføremål for å tilpasse til godkjent anleggsplassering. Endringar som gjeld utviding av anlegg som ikkje er i bruk, eller utover det arealet som det behov for i dag etter gjeldande løyve, er svært uheldig og gir grunnlag for **motsegn**. Gjeld t.d. AKV16. Eksisterande AKV15, vil også kunne kome i konflikt med andre verdiar og interesser og bør takast ut av planen. Det er ikkje tilråeleg med nye areal for akvakultur.	Areal - AK	Planvask er gjennomført for areala generelt. Politisk vidareført AKV 16 som er vist til spesifikt.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Akvakultur/sjøområda Manglande rammer, som må liggje til grunn i kommuneplan for best mogleg å sikre omsyn til naturmangfald og miljø, gir grunnlag for **motsegn**. Det er viktig med gode og klare føresegner for berekraftig bruk av sjøareala, som sikrar at avsett areal berre kan takast i bruk til miljømessig berekraftige tiltak. Dei føreslår følgjande tekst: «Planen opnar ikkje for tiltak som kan forverre miljøtilstand i resipient/vassførekomst, og som kan redusere bestandstilstanden til vill anadrom fisk (laks og sjøaure), jf. pbl. §§11-9 nr.6, vassforskrifta §§ 4 og 12, lakse- og innlandsfiskelova §§ 1, 2 og 7, naturmangfaldslova §§ 4, 5 og 13 (jamfør kvalitetsnorm for villaks). Tiltak kan heller ikkje vere til hinder for å nå miljømåla.»	Føresegn	Føresegnene er endra
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Akvakultur/sjøområda Finn grunnlag for **motsegn** når det gjeld vidareføring av akvakulturområde på land ved Eidesneset/Vespestadvågen (AKV99). Det er kome innspel til både bustad og næring i same område, som har negativ tilråing i konsekvensutgreiinga, og dette er overførbart og til gjeldande arealføremål.	Areal - AK	Området er tatt ut
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Akvakultur/sjøområda Eksisterande akvakulturområde, AKV88, innanfor forslag til verneområde for «Roaldsfjorden, Vikaneset og øyar i Bømlo», vest for Vestre Søløya må ut av kommuneplanen. Dette området er ikkje realisert, og kjem i konflikt med viktige naturverdiar. Vidareføring gjev grunnlag for **motsegn**.	Areal - AK	Området er tatt ut
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Akvakultur/sjøområda AK-område aust for Upsøya **må** justerast slik at det ikkje kjem i konflikt med forslag til vernegrense for «Roaldsfjorden, Vikaneset og øyar i Bømlo». Vurderer at dette ikkje vil kome i konflikt med eksisterande AK-anlegg.	Areal - AK	Politisk vidareført
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Akvakultur/sjøområda Areal for råstoffutvinning innan for forslag til verneområde i same område, RU7, RU8 og RU6 må også ut av kommuneplanen av omsyn til naturverdiar slik at ein sikrar avvikling av aktivitet på sikt. Vidareføring gjev grunnlag for **motsegn**.	Areal	Områda er tatt ut

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Konklusjon/løysing
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Landbruk,/LNF Kommunen må ha ein kritisk gjennomgang av planforslaget med sikte på å redusere nedbygginga av dyrka mark. Kan ikkje ta stilling til framlegget om nye byggjeområde i kommuneplanen ut frå jordverninteresser før desse vurderingane er gjort. Samla sett kan ikkje Statsforvaltaren sjå at planen er tilstrekkeleg opplyst til at kommunen kan oppfylle forvaltningsansvaret sitt for jordvernet. Planforslaget vidarefører eit nedbyggingsmønster og eit nedbyggingspotensiale for dyrka mark som er klart i strid med det innskjerpa, nasjonale jordvernmålet. Dette gjev grunnlag for **motsegn**. Peiker på områder dei har merka seg som døme som kan være aktuelle å gjere ny vurdering og prioritering av, sjå punktlise side 16-17 i oversendt brev.	Planvask	Det er gjennomført planvask.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Samfunnstryggleik og beredskap/ROS-analyse Det er ein del manglar i dokumentet "Konsekvensutgreiing og ROS-analyse - arealendringar". Dei saknar meir utfyllande informasjon om: - Det metodiske grunnlaget inklusive gjennomgang og grunngjeving for val av akseptkriteria - Kva kvalitetskrav og kunnskapsgrunnlag som er lagt til grunn for arbeidet med ROS-analysen inklusive t.d. skildring av prosess og medverknad - Samla referanseliste, og i tillegg er mange av referansane oppgjeve i den fortløpande teksten for generelle, medan andre er gamle misvisande. Vidare er det ei rekke andre relevante kjelder som burde vore nytta og nemt i arbeidet. Viser til kapittel 3 og 4 i DSBs rettleiar "Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging" for meir informasjon. Har notert seg at verksemdrelatert risiko og sårbarheit ikkje er vurdert, det same gjeld viljestyrte hendingar. Dersom det er vurdert til å ikkje være relevant bør det likevel verte nemnd og grunngjeve. Minner om at reell fare/sårbarheit skal være avklart på siste plannivå. Viser til føresegn 2.5.2 og kap 4.1, "Overordna konsekvensutgreiing og Ros-analyse" pkt 7.2.3., KU-light. Det er nye områder sett av til utbygging utan plankrav der dette ikkje er ivaretatt. Desse tilhøva gjev grunnlag for **motsegn**.	KU/ROS, plankrav, føresegn	Det er utarbeida ein meir detaljert metodikk til KU og ROS. Føresegnene: Det er lagt til føresegn til omsynssonene at dersom det er behov for fagkyndig avklaring for å påvisa tilstrekkeleg tryggleik skal det gjerast i plan
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegnene må vere tilstrekkeleg klare og konsise. Dersom planen og føresegnene ikkje er klare nok, gir det grunnlag for **motsegn**. Det er teke inn mange vurderingstema som ikkje er presise og klare kriterium. Desse må skiftast ut.	Føresegn	Føresegnene er gjennomgått for å gjere dei tydlegare
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 2.1.2 Plankrav For område med føresegnsområde # 1 og pkt. 5.2 og vedlegg 1: Det er områder som ikkje har plankrav i plankartet, og som openbart må ha det. Dette viser at område med plankrav er mangelfulle. Det er vanskeleg å sjå kva for område som har plankrav og ikkje. Metoden lar seg ikkje praktisere for medverknad til planprosessen. I alle tilfelle må det bli lagt inn plankrav for mange fleire område og som gåast igjennom i detalj. Det gjeld også for tiltak som det går fram av føresegna ikkje har plankrav. Slik det no står gjev det grunnlag for **motsegn**. For resten av pkt. 2.1.2 og pbl. § 12-1, 2. og 3. ledd: Føresegnene skal ikkje berre gi att ordlyd i lova, men må eventuelt konkretisere dette. Det byggjer for mykje på skjønn kva som går inn under lova, kva som er større anlegg, kva som har vesentlege verknader. Dette er ikkje egna som innhald og ordlyd i planføresegna. I staden må kommunen vere konkrete og klår for kva som har plankrav. Meiner at kravet om plan i utgangspunktet må vere både konkret og omfattande. Kommunen rammer så inn plankravet med nokre unntak. Plankravet må gjelde frå første eining. Retningslina **må** endrast og gjerast til føresegn.	Plankrav, Føresegn	Det er gjort endringar med tanke på plankrav. Plankrav er ikkje vist i plankartet, men sikra i føresegnene. Det er ei generell føresegn om plankrav i tillegg til at det i føresegnene er spesifisert fleire tema som skal avklarast eller kan vurderast gjennom planlegging.

Journalpost	Innsendar	Dato	Samandrag av merknadar/motsegner	Tema	Konklusjon/løysing
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 2.1.3 Unntak frå plankrav Kva er «av mindre betydning for miljø og samfunn»? Andre setning er både vag og uklar, og må endrast. Fleire av døma er til føresegner i lova og er tilstrekkeleg avklara. Pkt. e om utlegging av flytebrygge kan ikkje vere eit generelt unntak frå plan. Det opnar for flytebrygge ved alle eksisterande kaier. Dette gjev grunnlag for **motsegn**. Meiner at retningsliner for unntak frå plankrav bør takast heilt ut. Denne typen retningsliner høyrar meir heime i ein form for intern sjekkliste som kommunen kan nytte i enkeltsaker, men ikkje i føresegnene til kommuneplanen. Spørsmålet om plankrav heng saman med dei interessene som konkret vil vere i den einskilde saka og forholdet til anna i området. Det er heilt konkrete vurderingar som det er vanskeleg å lage generelle reglar for.	Føresegn	Retningslinja er tatt ut, og føresegna er revidert og gjort om til ei retningslinje.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 2.3.1 Byggjegrenser Pkt. 2. Det er ikkje råd å gjere generelt unntak frå leidningar, kablar og røyr for teknisk infrastruktur utanfor byggjegrensa i strandsona. Det kan vere svært ulik dimensjon på slike tiltak, og slike tiltak må handsamast særskilt. Generelt unntak gjev grunnlag for **motsegn**.	Føresegn	Føresegna er tatt ut
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 2.3.2 Byggegrense til sjø, pkt 2. Unntaka lista i denne føresegna opnar for vesentleg motstrid med omsyna bak byggjegrense mot sjø etter lova, og gir grunnlag for **motsegn**. Det same gjeld for retningsline pkt. b.	Føresegn	Føresegn og retningslinje er endra. Unntak er redusert og spesifisert.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 2.4.2 og 2.4.4 Uteopphaldsareal Må ta inn føresegn om erstatningsareal, jf. ordlyd i rikspolitisk retningsline for born i planlegging pkt. 5 d. Å ikkje gjere dette gjev grunnlag for **motsegn**. Kvalitetskrav: 2 meter breidde er uansett for smalt for eit ute-/leikeareal.	Føresegn	Føresegn om erstatningsareal er lagt inn. Breddekravet er auka til 5m og endra til ei rettningslinje. Føresegnene til uteoppholdsareal er flytta frå dei generelle føresegnene til føresegnene til bustadføremålet.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 2.5.3 Miljøkvalitet For at retningsliner for planlegging skal få juridisk verknad i planar, **må** dei takast inn i føresegnene, ikkje berre visast til. Vi ber derfor kommunen om å ta inn dei tabellane det er tale om, t.d. for støygrensene i T-1442, og kvalitetskriterium. Retningslinene har her karakter av føresegner. Unntak for pkt. c, denne er det også spørsmål om har heimel i pbl.	Føresegn	Føresegna er ikkje endra. Det er rydda opp i retningslinjene.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 3.1.9 Naustområde Det må avklarast i planprosessen kor det skal kunne vere flytebrygger, og om områda kan gå ut i sjø. Føresegnene er for vide for dette og rammer det ikkje tilstrekkeleg inn, og gjev grunnlag for **motsegn**. Dette gjeld særleg pkt. 4, 8 og 9 (utfylling 3 meter ut frå kystkonturen og generelt tillate med flytebryggje uavhengig av byggjegrense). Ein slik praksis kjem i vesentleg konflikt med strandsoneomsyn. Siste setning i kulepunkt 6 om etablering av våtrom må takast ut fordi den opnar for annan bruk enn eit reint naust. Retningslinene må vurderast nærare. Er kritiske til m.a. rehabilitering og oppatt-bygging.	Føresegn	Det er gjort endringar i føresegnene. Våtrom er ikkje tatt ut.
830	STATSFORVALTAREN I VESTLAND	29.05.2024	Føresegn 3.4.1 LNF Pkt. 2 er for vid og går utover rammene i lova for kva som er landbruk og kva som er tilleggsnæring, og med det ikkje primært LNF, men anna næring. Denne føresegna **må** ut. Siste del av føresegna er også ei retningsline.	Føresegn	Føresegna er tatt ut